

**Til:**

Åse Egeland

**Dok. ref.**

16/1933-1/K3 - &amp;15, K3 - &amp;86/ /10790

**Dato:**

13.04.2016

**Notat om:****Folkeavstemminga i Bø 2016, ei oppsummering**

Kommunestyret vedtok i sak K011/16, *Kommunestyret gjer samrøystes vedtak om å leggje «Intensjonsavtale for ny kommune i Midt-Telemark» fram for innbyggjarane i Bø.*

Kommunestyret hadde tidligare, i sak K009/16, samrøystes vedteke at dette skulle i skje gjennom ei folkeavstemming der ein la til grunn 16 års aldersgrense, dvs. at alle som er busett i Bø og som er født i år 2000 og tidligare har stemmerett. Røystinga skulle skje krinsvis på tilsvarande vis som under kommunevalet 2015. Vidare blei det gjeitt moglegheit for førehandsrøysting på kommunehuset to dagar i påskeveka, to dagar i veke 13 og kvar dag i veke 14 frå kl 12:00 til kl 18:00. Kommunestyret vedtok samtidig samrøystes at kommunestyret ville la seg binde av valresultatet om meir enn 50% av dei med røysterett bruka røysteretten. Om ikkje ville folkeavstemminga berre vera rådgjevande.

Sidan reglane for folkeavrøysting ikkje er regulert i vallova blei ein i kommunestyret einige om at formannskapet var valstyre og at dei lokale stemmestyra ute på krinsane kunne bemannast med representantar frå dei ulike partia.

Moglegheita for å røyste i samband med folkeavrøystinga har vore kunngjort på vanleg vis, og ein har fått god draghjelp av media, særleg Bø Blad som over tid har hatt ei brei dekning av saka (intensjonsavtale og folkeavrøysting).

**Førehandsrøystinga**

Førehandsrøystinga skjedde på kommunehuset i perioden 21.3-8.4. I tillegg hadde ein ambulerande røysting 6.4 og røysting på sjukeheimen 7.4. Totalt var det 627 røysteføre som røysta i samband med førehandsrøystinga. Dei er fordela med 608 på kommunehuset, 18 på sjukeheimen og 1 på ambulerande. 13% av alle røysteføre (av totalt 4830 stykkar) bruka soleis moglegheita til å førehandsrøyste. Røystesetlane frå førehandsrøystinga blei talde opp av valstyret (formannskapet) som forkasta to av røystene på grunn av manglande stempel. Røystene fordela seg slik:

| Røyster | Ja  | Nei | Blank | Avvist |
|---------|-----|-----|-------|--------|
| 627     | 316 | 303 | 6     | 2      |

**Valdagen**

På valdagen var det, som under tidligare val i Bø, mogleg å røyste på 7 ulike stader i Bø. Røystestyra var som nemnt satt saman etter forslag frå dei ulike politiske partia i Bø. Vallokala var opne frå kl. 12:00 til kl. 18:00.

Totalt ble det på valdagen avgitt 1399 røyster. Av desse var 55 sokalla framandrøyster, dvs. at ein røysta i ein annan valkrins enn ein i utgangspunktet høyrer til. Etter gjennomgang av sentralt manntal blei 6 av framandrøystene forkasta da ein ikkje kunne sjå at dei som hadde røysta var busett i Bø per 1.1.2016. Samla gjer det 2017 godkjente kryss i manntalet, dvs. eit oppmøte på 41,76%.

Av dei resterande 1344 røystene blei 7 stemmer forkasta då dei mangla kryss (skuldast i hovudsak at to røystesetlar låg i kvarandre). Ein satt då igjen med 1337 røyster.

Samla er dei godkjende røystene fordela slik:

|                          | <b>Ja</b>     | <b>Nei</b>    | <b>Blank</b> | <b>Totalt</b> |
|--------------------------|---------------|---------------|--------------|---------------|
| Førehandsrøysting        | 316           | 303           | 6            | 625           |
| Valting                  | 605           | 722           | 10           | 1337          |
| Framandrøyster           | 17            | 32            | 0            | 49            |
| Totalt                   | 938           | 1057          | 16           | 2011          |
| <b>%-vis oppslutning</b> | <b>46,64%</b> | <b>52,56%</b> | <b>0,8%</b>  | <b>41,64%</b> |

Totalt er det 119 røyster som skil ja- og nei-sida.

### Valdeltaking i krinsane

Det er i etterkant vore interesse for skilnader i valdeltakinga mellom krinsane og spørsmål om det er forskjellar mellom krinsane i kva dei røysta. Tala for korleis stemninga var i kvar krins er berre mogleg å henta frå røystene som blei gitt på valdagen.

| <b>%-vis oppmøte i krins</b> | <b>Førehandsval</b> | <b>Valting</b> | <b>Samla</b> |
|------------------------------|---------------------|----------------|--------------|
| <b>Bø</b>                    | 14,7%               | 25,1%          | 39,8%        |
| <b>Eikjabygda</b>            | 8,9%                | 41,2%          | 50,2%        |
| <b>Folkestad</b>             | 11,3%               | 27,7%          | 39,1%        |
| <b>Forberg</b>               | 11,3%               | 33,5%          | 44,9%        |
| <b>Valen</b>                 | 16,2%               | 35,9%          | 52,1%        |
| <b>Vatnar</b>                | 8,0%                | 49,6%          | 57,5%        |
| <b>Sanda</b>                 | 10,1%               | 32,2%          | 42,3%        |
| <b>Totalt</b>                | <b>12,9%</b>        | <b>27,7%</b>   |              |

Ja- og nei-røystene på valtinget fordela seg slik (% i parantes):

|                   | <b>Ja</b>  |         | <b>Nei</b> |         | <b>Blank</b> |        | <b>Totalt</b> |
|-------------------|------------|---------|------------|---------|--------------|--------|---------------|
| <b>Bø</b>         | 318        | (52,6%) | 280        | (46,3%) | 7            | (1,2%) | 605           |
| <b>Eikjabygda</b> | 41         | (34,2%) | 79         | (65,8%) | 0            |        | 120           |
| <b>Folkestad</b>  | 101        | (40,0%) | 151        | (60,0%) | 0            |        | 252           |
| <b>Forberg</b>    | 54         | (44,6%) | 66         | (54,5%) | 1            | (1,0%) | 121           |
| <b>Valen</b>      | 41         | (39,0%) | 62         | (59,0%) | 2            | (2,0%) | 105           |
| <b>Vatnar</b>     | 16         | (31,4%) | 35         | (68,6%) | 0            |        | 51            |
| <b>Sanda</b>      | 34         | (41,0%) | 49         | (59,0%) | 0            |        | 83            |
| <b>Totalt</b>     | <b>605</b> |         | <b>722</b> |         | <b>10</b>    |        | <b>1337</b>   |

Som ein kan sjå av oversikten er det blant dei som valde å bruke røysteretten fleirtal for å seie nei til intensjonsavtale i alle krinsane i Bø med unntak av Bø krins.

### Valdeltakinga for 16- og 17-åringane

Kommunestyret valde samrøystes å opne opp for at alle innbyggjarar fødd i år 2000 skulle få røyste ved folkeavstemminga. Politkarane la til grunn at ein diskusjon om kommunesamanslåing omhandla framtida og at det derfor var bra å la alle blir 16 år i 2016 og eldre få lov til å røyste.

All den tid det er vanleg at dei yngste veljerane ikkje er dei mest aktive under val kan ein vera fornøgt med oppslutninga blant dei yngste i Bø. Totalt bruka 72 av 136 med røysterett fødd i 1999 og 2000 røysteretten sin. Det gir ei valdeltaking på 52,9%.

### **Oppsummering**

Folkeavrøystinga i Bø kommune knytt til ja eller nei til intensjonsavtale med Nome og Sauherad gjekk føre seg utan dramatikk. Samla blei det i løpet av valet registrera 2026 røystesetlar. 9 røyster ble forkasta pga. manglande stempel og 6 framandrøyster ble forkasta då ein ikkje fann dei som hadde gitt si røyst i det sentrale manntalet. Ein satt da igjen med 2011 røyster som skulle teljast. Det gjev ein oppslutnad på 41,6%. Valresultatet er slikt sett, jf. kommunestyrets vedtak, berre rådgjevande. Målsetting om etablering av ein felles kommune beståande av Bø, Nome og Sauherad er uansett død då innbyggjarane Nome, med ei valdeltaking på over 56%, valde å si nei til intensjonsavtala.

Oppteljinga i Bø kommune synte at nei til intensjonsavtale hadde fleirtal blant dei som hadde vald å bruke si røystrett, 52% nei mot 47% ja. Det gir at 21,9% av dei med røysterett sa nei, medan 19,4% sa ja. 6 av 10 med røysterett valde å ikkje delta.

Terje Kili  
assisterande rådmann